

Stillingsomtalar for Arbeidsutvalet i Studentparlamentet i Volda

Studentparlamentet er av og for studentane ved Høgskulen i Volda. Arbeidsutvalet (AU) og representantane i Studentparlamentet jobbar saman for eit aktivt studentdemokrati.

AU fylgjer Studentparlamentet sine styringsdokument, og arbeider for å oppfylle Studentparlamentet sitt mandat. AU førebur saker og utfører vedtak gjort av Studentparlamentet. AU sørgjer for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar langsiktig for å ivareta studentane sine interesser.

AU har faste møter ein gong i veka. Medlemmane i AU kan tildelast arbeidsoppgåver utover det som står i den enkelte si stillingsomtale, og avlastar kvarande ved behov. Medlemmane i AU prioriterer dette vervet framfor andre frivillige verv. AU sikrar god kontinuitet i studentdemokratiet, og sørgjer for at eit nytt studentparlament vert oppretta kvart studieår. Avtroppande AU-medlemmar utvekslar erfaringar med påtroppande AU-medlemmar, og er tilgjengelege i ein overlappsperiode på ein måned etter endt verv. Avtroppande AU-medlemmar deltek på overlappseminar med nytt AU dersom dette blir gjennomført.

AU er også ansvarlege for styret i Fadderveka, og legg til rette for at fadderstyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av Fadderveka. AU bidreg til rekruttering og utnemning av Fadderstyret, samt ei god evaluering av Fadderveka kvart år.

Verva i AU er honorerte etter fastsette satsar 11 mnd. i året (unnateke juli). Satsane for honorar er regulerte av Samarbeidsavtalen mellom Studentparlamentet og Høgskulen i Volda.

Verv i AU i Studentparlamentet:

- Leiar
 - *Nestleiar – vald av Studentparlamentet blant øvrige medlemmar i AU*
- Fagansvarleg
- Informasjonsansvarleg
- Velferdsansvarleg
- Internasjonalt ansvarleg

- *Ordstyrar til møta i Studentparlamentet – er ikkje ein del av AU, men er eit honorert verv*

Leiar

- Er ansvarleg for at det daglege arbeidet i Studentparlamentet vert utført, og koordinerer og prioriterer arbeidsoppgåvene til medlemmane i AU i samråd med organisasjonsrådgjevar
- Er hovudansvarleg for at fatta vedtak blir iverksette
- Representerer Studentparlamentet utad på ein ryddig måte, og har hovudansvar for mediehandtering
- Ivaretek og vidareutviklar kontaktnettet til Studentparlamentet
- Deltok på leiingsmøte med leiinga ved HVO og SiVolda saman med nestleiar
- Leiar arbeidet med utdeling av Studentprisen
- Har hovudansvar for etablering av nytt faddervekestyre
- Er fast representant i Studentrådet til UH-nett Vest
- Er fast representant i Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO)

Fagansvarleg

- Fylgjer opp faglege og studierelaterte saker for Studentparlamentet
- Er kontaktperson for dei tillitsvalde studentane på studieprogramma, og har ansvar for opplæring og oppfølging av dei.
- Har hovudansvar for å arrangere allmøte for tillitsvalde 3-4 gongar i løpet av studieåret
- Sikrar god informasjon ut til studentmassen om tillitsvaldordninga og følgjer opp slik at det blir valt tillitsvalde på alle studieprogram
- Har ansvar for «tillitsvaldhandboka» og sørgjer for at den er oppdatert kvart år
- Er fast representant i Utdanningsutvalet ved HVO

Velferdsansvarleg

- Fylgjer opp saker knytt til studentvelferd for Studentparlamentet
- Samarbeider med Velferdsgruppa og SiVolda for å vidareutvikle velferdstilbodet for studentane
- Er kontaktperson for studentorganisasjonane og -festivalane ved HVO, og sikar at dei får oppdatert info om å søkje velferdsmidlar kvart semester
- Har ansvar for «Engasjer deg»- brosjyra som skal ligge i fadderveka nettet
- Er hovudansvarleg for å arrangere stand-dagar minst 1 gong i semesteret
- Bidreg til å arrangere sosiale aktivitetar internt i Studentparlamentet, som jul- og sommaravslutning
- Er fast representant i Læringsmiljøutvalet (LMU) ved HVO

Informasjonsansvarleg

- Har ansvaret for Studentparlamentet sin grafiske profil
- Tek seg av utforming av profilerings- og informasjonsmateriell, både fysisk og digitalt, slik som roll-ups, plakatar, flyers, t-skjorter, digitale banner/plakatar og memer
- Produserer digitalt innhald til våre sosiale medium og held dei oppdaterte
- Lagar tidsplanar og køyrer kampanjar i sosiale media, særleg i forkant av val
- Promoterer Studentparlamentet sine aktivitetar og arrangement
- Er ressursperson for studentorganisasjonane i deira promoteringsarbeid
- Samarbeider med kommunikasjonsavdelinga ved HVO
- Er fast representant i Valstyret ved HVO

Internasjonalt ansvarleg

- Fylgjer opp saker som vedkjem internasjonale studentar og internasjonisering for Studentparlamentet
- Jobbar for best mogleg inkludering av internasjonale studentar ved HVO, blant anna gjennom samarbeid med Pangaia og arrangering av Buddyweek
- Arbeider saman med internasjonalt kontor for å sikre utanlandske studentar sine rettar og trivsel ved HVO
- Har hovudansvar for Studentparlamentet sine oppgåver knytt til Norwegian Night
- Er kontaktperson til Studentenes og Akademikernes internasjonale hjelpefond (SAIH) og har førsterett til å delta på SAIHs landsmøte
- Leiar arbeidet med utdeling av Prisen for internasjonisering
- Er fast representant i Internasjonalt utval ved HVO

Nestleiar

- Vert vald av Studentparlamentet blant medlemmane i AU
- Er leiars stadfortredar ved behov
- Bidrar noko ekstra for å avlaste leiar og resten av AU
- Deltek på leiingsmøte saman med leiar
- Er førstevara for leiar i Studentrådet i UH-Nett Vest
- Får ei litt større ansvarsrolle i det vervet ein har elles i AU for å utvikle det vidare

Ordstyrar

Ordstyrar leiar møta til Studentparlamentet. Det er viktig at ordstyrar sørgjer for ryddig saksframlegging og ein god møtekultur. Ordstyrar er nøytral, og fremjar ikkje egne synspunkt eller tek stilling i saker. Ordstyrar legg til rette for inkluderande og trygge møter der alle får kome til ordet.